

Ny Matrikkel i Norge

LEIV BJARTE MJØS
Jordskifte kandidat
Leder av Norges
Jordskifte kandidatforening
Prosjektleder, Statens kartverk
Norge

Ny Matrikkel er under utvikling i Norge. Statens kartverk utviklar systemet. Den nye Matrikkelen vil innehalde eigedoms-kart og anna eigedomsinformasjon. Matrikkelen vil byggje på og erstatte dagens eigedoms-kart (DEK) og eigedomsregister (GAB). Etter gjeldande planar skal den nye matrikkelen innførast i alle landets 434 kommunar i løpet av 2005.

Bakgrunn

Bakgrunnen for at det vert utvikla eit nytt matrikkelsystem er todelt:

- forslag i *NOU1999:1 Lov om eigedomsregistrering* om å utvikle eit nytt nasjonalt, eintydig eigedomsregister
- eit generelt behov for å modernisere og forbetre dagens system GAB-registeret og DEK.

Delingslova (1980), dagens system GAB og DEK

Delingslova (1980) innførte måleplikt ved eigedomsdeling for heile landet, og arbeidet med kartforretningar og eigedomsregistrering vart lagt til kommunane. Vidare gav delingslova m.a. heimel for eit nytt grunneigedom-, bygnings og adresseregister: GAB-registeret. GAB-registeret erstatta den dåverande matrikkelen. Dagens GAB-system omfattar RiksGAB som er eit sentralt register, og lokale GAB-system i kommunane. RiksGAB er ei stormaskinløyning som vart utvikla rundt 1990. Lokale GAB-system (KOMGAB, KommuneGAB) er utvikla for å tilfredsstille kommunane sine behov for å ha tilgang til GAB-data i sine egne system. 150 av landets 435 kommunar har installert lokale GAB-system. Kommunane som har installert lokale GAB-system oppdaterer dette systemet, som så utvekslar data med RiksGAB.

DEK er den nasjonale standarden for eigedoms-kart, men DEK er ikkje etablert samla for heile landet. Delvis vert DEK lagra og forvalta i Statens kartverk som eit samarbeid mellom Statens kartverk og den enkelte kommune, og dels vert DEK forvalta av den enkelte kommune.

Statens kartverk har ansvar for GAB-registeret, medan landets kommunar rapporterer endringsdata, anten on-line mot RiksGAB eller via eit lokalt GAB-system. For eigedoms-kart er det bestemmelsar i kommentarene til delingslova om kommunal plikt til å føre eit eigedoms-kart.

NOU1999:1 – lov om eiendomsregistrering

Matrikkellovutvalget som vart nedsett av Miljøverndepartementet i 1996 la i 1999 fram forslag til ny lov om eigedomsregistrering (NOU1999:1). Forslaget har følgjande 3 hovudelement:

- *Overføring av oppgaver med eigedomsregistrering frå kommune til private landmålalarar.*

Lovforslaget foreslår å innføre skilje mellom tenesteproduksjon og myndighetsutøving. Oppgaver med eigedomsregistrering i marka vil verte definert som tenesteproduksjon og vil kunne utførast av private landmålalarar. Oppgaver med å føre opplysningar inn i Matrikkelen vert definert som myndighetsutøving og skal framleis utførast av kommunen som offentlig styresmakt.

- *Ny registereiningar anleggseigedom og jordsameige.*

Det vert foreslått å innføre to nye registereiningar: anleggseigedom og jordsameige. Anleggseigedom vil vere eit volum over eller under grunnen, typisk garasjeanlegg. Jordsameige vil vere areal som ligg i sameige mellom fleire grunneigedomar, og der sameigedelane inngår i grunneigedomane.

- *Ny Matrikkel.*

Det vert forslått å etablere eit nytt eigedomsregister kalla Matrikkelen. Matrikkelen vil byggje på opplysningar i dagens eigedomsregister (GAB-registeret) og eigedoms-kart (DEK). Matrikkelen vil erstatte desse systema.

Statens kartverk vert i NOU1999:1 foreslått som sentral matrikkelmyndighet med ansvar for Matrikkelen, mens kommunane skal føre Matrikkelen som ei vidareføring av arbeidet med rapportering

til GAB-registeret og føring av eigedoms-kart. Samla sett skal Statens kartverk og kommunane utgjere eit produksjonsfelleskap, der Kartverket skal føre tilsyn med matrikkelføring og landmåling, og rettlege kommunane i føring av Matrikkelen og praktisering av den nye lova.

På tidspunktet for framlegging av NOU1999:1 (januar 1999) var det behov for å starte opp arbeidet med å fornye dei eksisterande systema. Dette moderniseringsarbeidet vart starta opp ved at *matrikkelprosjektet* vart etablert i mai 1999. Matrikkelprosjektet fekk i oppgave å utvikle og iverksetje ny Matrikkel. Den nye Matrikkelen skal fornye og erstatte dei eksisterande systema GAB og DEK, og oppfylle krav til den nye Matrikkelen i Lov om eigedomsregistrering.

Ny matrikkel – struktur og innhald

Matrikkeleiningane er kjernen i den nye Matrikkelen. Matrikkelen vil ha 5 typar av matrikkeleiningar:

- grunneigedom
- eigarseksjon
- festegrund
- anleggseigedom
- jordsameige.

Til matrikkeleiningane vil det vere knytt attributter organisert som temadatasett, og Matrikkelen vil dermed ha slik struktur og innhald (se bilde 1).

Basis eigedomsdata er informasjon om ei matrikkeleining og samanhengar med andre matrikkeleiningar, og status for matrikkelføringa:

- type matrikkeleining
- status matrikkelføring
- samla fast eigedom
- samanføyde eigedomar
- status jordsameige.

Forretningsdata er informasjon om forretningar som er gjennomført på ei matrikkeleining, som skylddelingsforretning, kartforretning, jordskifte etc.:

- type forretning
- datoer
- areal

- arkivreferanser
- scanna dokument.

Oppmålingsdata er matrikkelkartet for ei matrikkeleining. Matrikkelkartet vil vere eit nasjonalt saumlaust og homogent eigedomskart. Matrikkelkartet vil vere etablert i Euref89, og det skal brukast geodetiske koordinater i databasen. Matrikkelkartet vil verte basert på dagens DEK. Ved nye målingar vil eksisterande koordinatverdier verte tilpassa til dei nye målingane.

Eigardata er informasjon om eigar/ eigarar til ei matrikkeleining. Eigardata vert i stor grad henta frå andre informasjonssystem:

- eigars namn, adresse, fødselsdato og fødselsnummer
- rolle, kategori, status, skjerma adresse
- dato for overføring av heimel/ eigedomrett
- ideell andel.

Bygningsdata er informasjon om bygningar på ei matrikkeleining, og brukseiningar i bygningen:


- bygningsnummer
- status bygning
- bygningstype
- næringsgruppe
- tiltakshavartype
- tiltakshavars namn, adresse og postnummer
- etasjekode
- antal brukseiningar pr etasje
- bruksareal til bustad
- bruksareal til anna enn bustad
- bruksareal totalt
- heis
- energikjelde
- anlegg for oppvarming
- vassforsyning
- avløp

- referanse til SEFRAK-registeret (SEFRAK er Riksantikvaren sitt register over bygningar frå før 1900)


- referanse til matrikkeleining og adresse
- representasjonspunkt
- bygningseigar, dersom denne er ulik grunneigar
- bebygd areal
- brukseiningar i bygningen med folketeljingsdata oppgjeve av bebuar : bruksareal, tal rom, kjøkken, tal bad, tal wc.

Adressedata er informasjon om offisielle adresser som er etablert på ei matrikkeleining:

- adresseidentifikasjon
- adressenam
- poststad
- representasjonspunkt adresse



Bilde 1.



Bilde 2.

- referanser til kretser.

Påleggsdata er informasjon om pålegg etter særlovene, og det er pålegg som kan tvangsfullbyrdast:

- type pålegg
- dato pålegg gjeve / registrert
- arkivreferanse.

Kulturminnedata er informasjon om automatisk freda kulturminne som vert tilført Matrikkelen ved kopling mot Riksantikvaren sine registre:

- art kulturminne
- representasjonspunkt, samt linjer og flater
- arkivreferanse.

Grunnforureiningsdata er informasjon om forureina grunn som vert tilført Matrik-

kelen frå Statens Forureiningstilsyn (SFT) sitt register over eigedomar med forureina grunn:

- type grunnforureining
- representasjonspunkt, samt linjer og flater
- arkivreferanse.

Systemarkitektur

Det er etablert slik systemarkitektur for Matrikkelen (se bilde 2).

Matrikkelen si hovudeining er **Matrikkeltenaren** som skal tene alle matrikkelklientar. Matrikkeltenaren skal innehalde logikk for å samanstillе og handtere matrikkelinformasjon (kart og bok), kontrollere og validere forretnings-

reglar på matrikkelinformasjon, handtere sikkerhet gjennom sikker overføring og brukarhandtering og handtere samtidighet. Matrikkeltenaren kjører sentralt hjå Statens kartverk. Matrikkelinformasjonen er lagra i **Matrikkelbok-databasen** som skal innehalde bokdata og **Matrikkelkart-databasen** som skal innehalde kartdata. Informasjon i databasen er berre tilgjengeleg gjennom Matrikkeltenaren.

Matrikkelbok-databasen og Matrikkelkart-databasen utgjer til saman den sentrale Matrikkelen. Matrikkelen er ein sentral database for heile landet og all matrikkelføring skal utførast mot denne basen.

Matrikkeltenaren vil tene sine klientar via eit **MatrikkelAPI** som då er det grensesnittet Matrikkeltenaren tilbyr andre datasystem for å få tilgang til å handtere matrikkelinformasjon. MatrikkelAPI'et vil være todelt, ein del vil levere og motta samlingar med matrikkelobjekt medan den andre delen er matrikkelobjekta. Grensesnittet skal også brukast ved import av massive endringar som vert levert frå fagsystem.

Oppdateringsklienten er ein klient som støttar innsyn og oppdatering av all informasjon i Matrikkelen. Klienten vert

utvikla i matrikkelprosjektet og skal brukast ved matrikkelføring. Alle kommunar vil altså få denne klienten tilgjengeleg.

Innsynsklienten er ein så tynn som mogleg klient for innsyn i Matrikkelen.

Uthentingsklienten er ein klient som leverer matrikkelinformasjon til ein "Postkasse" der informasjonen ligg tilgjengeleg lokalt for andre system, herunder saksbehandlingssystem og **EDR**. Informasjonen skal kunne definerast og leverast periodisk etter brukarane sine ynskje. Utvalget skal kunne leverast fullstendig eller som endringar sidan sist.

EDR er Norsk Eiendomsinformasjon as. sitt system for samla avlevering av eiendomsinformasjon til kommersiell bruk frå Matrikkel og tinglysingsregisteret.

Andre klientar. Forholda vert lagt til rette for at andre kan lage klientar som arbeider på matrikkelinformasjon. Det kan for eksempel vere saksbehandlingssystem som då også kan utføre oppdateringar i Matrikkelen. Det vert lagt til grunn at slike klientar må godkjennast av sentral matrikkelstyresmakt før dei kan takast i bruk.

Applikasjon for å fore KommuneGAB- og KOMGAB-databasar er ein applikasjon som i ein overgangsperiode vil oppdatere dagens databasar i systema KommuneGAB

og KOMGAB med informasjon. Applikasjonen vil hente matrikkelinformasjon frå postkassen.

Grensesnitt mot andre offentlege register. Matrikkelen skal levere og motta informasjon på elektronisk form til og frå ei rekke offentlege register. Denne koblinga skal gjerast mest mogleg direkte mot andre register og vil verte utført direkte i Matrikkeltenaren

Verktøy for systemutviklinga er Java (J2EE) for oppdateringsklienten, Weblogic server for tenaren og Oracle 8 for databasen.

Systemutviklingsarbeidet vert utført av eigne systemutviklarar i Statens kartverk, med støtte frå eksterne konsulentar.

Status for matrikkelprosjektet og planar for iverksetjing

Ein første versjon av matrikkelsystemet skal vere utvikla ved årsskiftet 2004/2005. Det vert planlagt kommunevis iverksetjing i 2005. Ved årsskiftet 2005/2006 skal matrikkelen vere innført og i drift for heile landet.

Meir info om matrikkelprosjektet på: <http://www.statkart.no/>.